

# Bilag 1 Oppdragsgivers kravspesifikasjon

## Beskrivelse av jobben

Jobben som skal utførast består av å legge om krysset slik at begge sidevegane vert kanalisert meir rett på fylkesvegen. Fylkesveg 402 skal utvidast til full breidde, 6m, i sjølve krysset og gradvis tilpassast eksisterande vegbreidd.

I tillegg til utbetring av krysset, skal det etablerast nytt fortau, utvida delar av eit eksisterande fortau og flytte eksisterande fartsdempar som ved ny plassering skal byggast som trappes.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t.

Sjå planteikning vedlegg 7 og skisse vedlegg 5.

Det er viktig å være merksam på at eksisterande VA trasé går gjennom området.

Det er i tillegg gjort avtalar med ulike grunneigarar om tiltak som skal utførast på staden.

Desse tilleggga er informert om i eige skriv og har eige prisskjema.

Det tas et forbehold for gjennomføring av kontrakt at alle grunneigarane signerer grunnerverva.

Vi står pr. i dag att med 1 kontrakt som ikkje er underteikna.

## Kravspesifikasjon:

- Mulighet for oppstart like etter tildeling vil bli vektlagt.
- Erfaring med tilsvarande vegarbeid skal kunne dokumenterast.
- Alle sertifikat skal kunne leggjast fram ved behov.
- Statens vegvesen si handbok N100 skal nyttast.
- Arbeidsvarslingsplan skal godkjennast av Statens vegvesen.
- Eigedom 172/79 er eigd av Lindås kommune. Denne plassen kan nyttast til omkøyning i anleggsperioden.
- Det må vere mogleg å passere staden for utrykningskøyretøy.
- Skulebuss og rutebuss må kunne passere etter rute. Anna trafikk vil måtte rekne med korte stopp og ventetid.
- Krysset er del av skuleveg og Seim barnehage har tilkomst via Privat veg 1, sjå skisse.
- Det skal ikkje gjerast endringar i VA nettet, men når ein jobbar så tett på eksisterande VA anlegg, må det takast ekstra hensyn til dette.
  - Dersom det ver behov for endringar eller tilkomst til VA-anlegg, skal alt gå via Lindås kommune, teknisk
  - Dersom det blir behov for å heve eksisterande VA kummer, skal det utførast ved å setje på ein ekstra kumring. Nye foringsringer/avpasningsringer under kumlukk vert ikkje godkjent.
- Overvatn skal handterast. Det er ikkje registrert stikkrenner eller kum/stikk for overvatn i krysset. Eksisterande stikkrenner/kulverter langs fylkesvegen er å finne på Statens vegvesen sitt vegkart: [https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/vegreferanse:-30986.630626111:6759609.1474182/hva:\(~\(id:79,filter:\(~\),farge:'0\\_0\)\)/hvor:\(kommune:\(~1263\),vegreferanse:\(~F\)\)/@-31286,6759569,16](https://www.vegvesen.no/vegkart/vegkart/#kartlag:geodata/vegreferanse:-30986.630626111:6759609.1474182/hva:(~(id:79,filter:(~),farge:'0_0))/hvor:(kommune:(~1263),vegreferanse:(~F))/@-31286,6759569,16)

## **Anbudssynfaring:**

Med bakgrunn ferieavvikling i tida anbudet ligg ute, vil det bli lagt opp til befaring på eige initiativ, med mulighet for å stille spørsmål via doffin/mercell.

## **Vedlegg:**

1. Planteikning
2. Anbudsgrunnlag prisskjema
3. VA-kart over området
4. Reguleringsplan
5. Avgrensing av arbeidsområde
6. Tillegg til andbudsgrunnlag - info
7. Tillegg til andbudsgrunnlag - prisskjema